UTDANNINGS FORBUNDET

Hjelmeland

Årsmøte

Smaken av Ryfylke
10.04.24

Program

- **Musikalsk innslag av elevar i grunnskulen**
- **Helsing frå fylkeslaget ved Margareth V. Rønningsen**
- **Val av hovudtillitsvald**
- **Årsmøtesaker**
- **Utlodding og kahoot**
- **Middag og drøs**

Sakliste for årsmøtet:

Sak 1. Konstituering, møte og valreglement
a. Godkjenning av innkalling
b. Godkjenning av sakliste
c. Val av to personar til å underskriva protokollen
d. Val av referent
e. Møtereglement
f. Valreglement
g. Val av møteleiar

Sak 2. Årsmelding og rekneskap for 2023

Sak 3. Budsjett 2024

Sak 4. Val av nestleiar

Sak 5. Val av medlemmer og varamedlemmer til lokallagsstyret

Sak 6. Val av valnemnd

Sak 7. Prioriteringar ved lokale forhandlingar

Sak 8. Retningsliner for arbeidet i styret 2023-2024

Saksutgreiing og forslag til vedtak

Sak 1.Konstituering, møte- og valreglement

a) Godkjenning av innkalling
Innkalling til årsmøtet vart send ut 15. februar. Det er innan fristen sett i vedtektene. Sakspapira vart sendt ut 22. mars som er innan fristen på 14 dagar sett i vedtektene.

Forslag til vedtak:
Innkallinga vert godkjend

b) Godkjenning av sakliste
Førebels sakliste vart sendt ut saman med kunngjering av tid og stad for årsmøtet den 15. februar. Den endelege saklista har ikkje val av hovudtillitsvald då det er kome nye retningslinjer om korleis dette valet skal gjennomførast. I tillegg legg styret fram ei sak om prioriteringar ved lokale lønnsforhandlingar.
Forslag til vedtak:
Saklista vert godkjend

c) Val av to personar til å underskriva protokollen

Forslag til vedtak:

……. og ……. vert valde.

d) Val av referent

Forlag til vedtak:

……vert vald som referent.

e) Møtereglement
Styret førslår følgjande møtereglement:

- Ingen avgrensingar i taletid.
- Møteleiar fordeler ordet i den rekkefølgje ein teiknar seg.
- Møteleiar føreslår strek. Årsmøtet godkjenner eller forkastar forslaget.
- Votering i alle sakene unnateke sak 4,5 og 6 skjer ved handsopprekking og krev simpelt fleirtal.

f) Valreglement
Det skal takast omsyn til følgjande valreglement

1) Kvoteringsreglar, jfr. § 15 i vedtektene
2) Styret skal ha fem medlemer og tre varamedlemer. Styret skal setjast saman slik at det får ein rimeleg representasjon frå dei ulike medlemsgruppene. Minst eitt styremedlem skal vere leiarrepresentant. Leiar, nestleiar og varamedlemene er fritt valde. Val av leiar og/eller nestleiar skjer først i plenum.
3) Val av øvrige styremedlemer og varamedlemer skjer i plenum.

4) Ved personval er hovudregelen skriftleg val. Det kan stemmast blankt. Open avstemming (akklamasjon) kan nyttast der det føreligg ein einstemmig innstilling frå valkomiteen, og det ikkje føreligg andre forslag.
5) Ved votering i personval med fleire kandidatar, vert det krevd 2/3 fleirtal for å bli vald. Ved omval mellom dei to kandidatane som fekk flest stemmer, blir den vald som får flest stemmer.
6) Det skal veljast tre varamedlemer i prioritert rekkefølgje.
7) Alle val gjeld for to år, dvs. for perioden 1.8.2024 til 31.7.2026.

g) Val av møteleiar

<u>Forslag til vedtak:</u>

……..vert vald til møteleiar.

Sak 2 Årsmelding og rekneskap for 2023

Årsmelding og rekneskap vert lagt fram av leiaren.

Forslag til vedtak:

Årsmelding og rekneskap vert godkjend.

Sak 3 Budsjett 2024

Styret har vedtatt budsjettet for 2024. Årsmøtet får budsjettet til orientering, men dersom årsmøtet ønskjer å gjera endringar i budsjettet, må styret ta omsyn til det. Uansett er budsjettet berre eit rammebudsjett der styret kan føreta omdisponeringar i løpet av året (vedlegg).

Forslag til vedtak:
Styret sitt framlegg til budsjett for 2024 vert teke til orientering.

Sak 4 Val av nestleiar

Kathrine Mikalsen (Årdal skule) står på val som nestleiar. Ho har takka ja til attval.
Det er høve til å koma med benkeforslag.
Forslag til vedtak:
Kathrine Mikalsen vert vald til nestleiar for perioden 1.08.24-31.07.26.

Sak 5 Val av medlemmer og varamedlemmer til lokallagsstyret

Val av styremedlemmer
Styremedlemmet Siri Vestersjø (Årdal barnehage) er på val. Ho har takka ja til attval.
Det er høve til å koma med benkeforslag.
Forslag til vedtak:
Siri Vestersjø vert vald til styremedlem for perioden 1.08.2024 – 31.07.2026

Val av varapersonar:
Varaperson Astrid Rosså (Hjelmeland ungdomsskule) er på val. Ho har takka ja til attval.
Det er høve til å koma med benkeforslag.
Forslag til vedtak:
Astrid Rosså vert vald som varaperson for perioden 1.8.24-31.7.26.

Sak 6 Val valnemnd

Det er styret som legg fram innstillinga til valnemnd og heile nemnda er på val.
I valnemnda sit for tida Hilde P. Meland, Sigrun Fister og Rannveig L. Frette.
Det har ikkje vore varapersonar i valnemnda denne perioden. Hilde P. Meland tek attval.
Det er høve til å koma med benkeforslag.

Innstilling til valnemnd:

Hilde P. Meland- Hjelmeland barnehage
Møyfrid Helgøy- Fister barnehage
Margunn Helgøy- Hjelmeland skule

Varapersonar:

Sander Hasselberg- Hjelmeland skule
May Linn Mæhle- Fister skule

Forslag til vedtak:
Årsmøtet støttar innstillinga til ny valnemnd.

Sak 7: Prioriteringar i lokale lønnsforhandlingar

Leiaren legg fram saka.

Sak 8: Retningsliner for arbeidet i styret 2023-2024

Styret la ikkje fram forslag til handlingsplan på årsmøtet i fjor. Det vart i staden lagt opp til debatt med innspel frå årsmøtet kva saker styret burde konsentrera seg om. Det kom fleire innspel som har vore aktuelle saker for styret i løpet av året, viser til meir informasjon i årsmeldinga.

Styret legg opp til den same prosessen for kommande arbeidsår. Me ønskjer innspel på kva medlemene meiner bør vera viktige saker for styret. Kva saker skal styret leggja spesiell vekt på i det kommande skule- og barnehageåret?

Innspela vert noterte og innarbeide i arbeidet til styret, i tillegg vil styret ta inn andre saksområde som vil vera aktuelle.

Forslag til vedtak:
Arbeidet i lokallagsstyret for 2024/2025 skal byggja på dei signal og føringar som årsmøtet vedtek, saman med arbeidsområde som styret evt. føyer til.